

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Saksbehandler:</b> Aina Tjosås	<b>Arkivkode:</b> 130 &13
<b>Arkivsaksnr.:</b> 12/3155	<b>JournalpostID:</b> 14/16393

<b>Saksnr:</b> 58/2014	<b>Utval:</b> Os formannskap	<b>Dato:</b> 24.06.2014
---------------------------	---------------------------------	----------------------------

**Høyringsvar Regional plan for attraktive senter i Hordaland****Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:**

Os formannskap sluttar seg til planforslaget slik det føreligg.

Os, den 10.06.2014

Knut Terje Rekve  
Rådmann

**Behandling:**

Votering: Samrøystes vedtak som innstillinga frå administrasjonen.

**OS FORMANNSKAP 24.06.2014, Sak 58/2014 -Vedtak:**

Os formannskap sluttar seg til planforslaget slik det føreligg.

**Vedlegg:**

- Høyringsbrev senterplan
- Høyering - Regional plan for attraktive senter i Hordaland

**Saksopplysningar:**

Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel vart vedtatt av Fylkestinget 12. desember 2002. I samband med Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012 vedtok Fylkestinget å revidere fylkesdelplanen.

Hordaland fylkeskommune har no sendt på høyring forslag til Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel.

Høyringsfrist er 22.8.2014. På grunn av den korte høyringsfristen blir saka lagt fram for formannskapet for handsaming.

**Innhald**

Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggja til rette for vekst i heile fylket.

Planen er inndelt i fem plantema som er:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

Kvart plantema inneheld mål, planskildring, retningsliner og handlingsprogram. Plantema handel og kjøpesenter inneheld føresegnar som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd. Desse føresegnene følgjer overordna nasjonale føringar.

Senterstrukturen følgjer same hierarkiske struktur som tidlegare fylkesdelplan:

- Fylkessenter: Bergen
- Regionsenter fastsett i regional plan
- Kommunesenter fastsett av kommunen
- Bydelssenter i Bergen fastsett av kommunen
- Lokalsenter kan fastsetjast i kommuneplan
- Nærsenter kan fastsetjast i kommuneplan

Osøyro er framleis definert som regionsenter. Innbyggjarane skal kunne nå eit regionsenter innan ca ein time. Omlandet til Osøyro er i forslag til plan definert til Fusa kommune. Samnanger er lagt til Arna og Tysnes til Stord. Askøy og Husnes er lagt til som nye regionsenter. Mange av dei tenestene som innbyggjarane tidlegare måtte til kommunesenteret/regionsenteret for å ordne, gjer dei no sjølv via internett. Auka mobilitet gjer også at innbyggjarane reiser der dei ønskjer for å få tilgang til varer, tenester og opplevingar. At Osøyro kun har Os og Fusa som sitt omland, har lite praktisk betydning. Osbadet og Oseana trekkjer folk frå alle

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar*

kommunane rundt Os og målet er at også Osøyro skal bli ein stad folk reiser til, uavhengig av kva som er definert som deira regionsenter.

Når det gjeld definering av lokal- og nærsenter i Os, vil dette bli diskutert i samband med samfunnsplanen.

Os kommune har vore aktive i høve medvirkning rundt planarbeidet, både gjennom politisk styringsgruppe (der ordførar Søviknes har vore deltakar på vegne av Fylkestinget) og gjennom ulike temamøter der ordførar og folk frå administrasjonen har delteke.

Planen, slik den no føreligg, tar opp ei rekke problemstillingar som er aktuelle for Os kommune. Slik administrasjonen vurderer det vil planen bli eit godt hjelpemiddel og ei god rettesnor i vårt arbeid med å vidareutvikle Os kommune.

**Konklusjon:**

Administrasjonen rår formannskapet til å slutta seg til planforslaget slik det føreligg.

Os, den 10.06.2014

Aina Tjosås  
Plan- og utviklingsjef